


GENERELL INFORMASJON


til søknad om avkøyrsløse og dispensasjon frå byggjegrensa

For RASK sakshandsaming ber vi om korrekte og utfyllande opplysningar!

Siktkrav ved avkøyrsløse:



Kva vegvesenet legg vekt på ved handsaminga av søknaden:



Saman med søknadsskjemaet skal det sendast:

Kart i målestokk-M 1:1000

på kartet/skissa skal det teiknast inn:

Plassering av avkøyrsløse (tilkomstveg, snu- og oppstillingsplass)

Plassering av byggverk (bustad, garasje, tilbygg m.m.)

Ved søknad om dispensasjon frå byggjegrensa skal det teiknast inn avstand frå senter av off. veg til næraste kant av omsøkte byggverk. Legg ved målsett plan- og fasadeteikning.

Ufullstendig søknad vil bli returnert!

På grunn av eit evt. behov for framtidig vegutviding, samt ulemper som støv, støy o. l. frå trafikken, må byggverk ikkje førast opp for nær ein offentlig veg. Difor må ingen bygningar, opplagsplass eller annan innretning (også laus kiosk) førast opp innfor ei byggjegrensa som går 50 meter frå riksveg, fylkesveg og 15 frå gang-/sykkelvegen, utan særskilt løyve frå vegvesenet. Avstanden skal reknast frå midten av offentlig veg til næraste kant av omsøkte byggverk.

Vi vil gjere merksam på at det må søkjast om tilbygg til tidlegare oppførte bygningar, samt for gjenoppbygging av ned rivne eller nedbrende byggverk som ligg innfor byggjegrensa.

Vegvesenet må vurdere alle søknader i ein større samanheng m.a. av omsynet til trafikkavvikling og trafikktryggleik. Søknaden blir sett på i samanheng med kravet om betre og sikrere vegar.

Dersom stadig nye avkøyrsløser vert etablerte, vil vegen langsamt men sikkert «gro igjen». Den aukande lokaltrafikken som følgjer med avkøyrsløslane vil gradvis forandre hovudvegen til lokal bustadveg.

Det er nær samanheng mellom talet på trafikkulykker og talet på avkøyrsløser langs ein veg, og det er særleg dei som bur langs vegen som vert ramma.

For å unngå ei slik utvikling ser vegvesenet seg naudsynt til å vere generelt tilbakehalden med å godkjenne søknader om ny busetnad med direkte tilkomst til riks- og fylkesvegnettet. Søknadene blir likevel vurderte forskjellig avhengig av vegen sin funksjon, trafikkmengde, fartsnivå, m.m.

Ved søknad om dispensasjon frå byggjegrensa må vegvesenet vurdere om det omsøkte byggverket vil sjenere trafikken på vegen, redusere trafikktryggleiken eller vanskeleggjere vegvedlikehaldet. Behovet for areal ved evt. framtidig vegutviding vil og bli vurdert.

Skal det leggjast leidningar langs, over eller i eller langs offentlige veg, må det søkjast på særskild skjema som er å få på dei einskilde distriktvegkontora

